



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Sula kommune

Tilsynsdato: 20.09.2017

Rapportdato: 16.11.2017

Innhold

| | | |
|----------|----------------------------------|----------|
| 1 | BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.1 | FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG | 3 |
| 1.2 | PÅLEGG OM GJENNOMFØRING | 3 |
| 1.3 | TILSYNSTEMA | 3 |
| 1.4 | GRUNNLAGSDOKUMENTASJON | 4 |
| 1.5 | GJENNOMFØRING | 5 |
| 2 | HOVDINNTRYKK | 6 |
| 3 | RESULTAT FRÅ TILSYNET | 7 |
| 3.1 | AVVIK | 7 |
| 3.2 | MERKNADER | 8 |
| 4 | VIDARE OPPFØLGING | 9 |

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

| | |
|--|---|
| Tidspunkt for tilsynet: | 28.02.2017 (formøte) 20.09.2017 (tilsyn) |
| Adressa til kommunen: | Postboks 280, 6039 Langevåg |
| Kommunennummer: | 1531 |
| Kontaktperson i kommunen: | Espen Søbstad |
| Fylkesmannen sitt tilsynslag: | Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er skriven av: | Atle Morsund |
| Tilsynsrapporten er godkjent av: | Helge Møgstad |
| Førebels tilsynsrapport sendt: | 24.10.2017 |
| Endeleg tilsynsrapport sendt: | 16.11.2017 |
| Kommunen sin frist for oppfølgingsplan: | 04.01.2018 |

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sula kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einaskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2017.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

| Nr. | Dokument | Datering | |
|-----|--|------------------------------------|------------|
| 1. | Beredskap – startside Kvalitetssystem | 06.09.2017 | |
| 2. | Mål, prinsipp og prosess | 06.09.2017 | |
| 3. | Vedtak i K-styret K-sak 004/16 – Overordna beredskapsplan | 11.02.2016 | |
| 4. | Øving, evaluering og opplæring | 06.09.2017 | |
| 5. | Øvingsplan | Ikkje datert | |
| 6. | Eksempel på evaluering etter øving | Ikkje datert | |
| 7. | Opplæringsplan | Ikkje datert | |
| 8. | Evaluering etter Fårikål 2014 | 29.09.2014 | |
| 9. | Evaluering etter Fårikål 2016 | 24.10.2016 | |
| 10. | Evaluering PLIVO-øving i skular og barnehagar | Ikkje datert | |
| 11. | Evaluering etter Fårikål 2012 | Ikkje datert | |
| 12. | Evaluering Øving Åkneset 2016 | 05.09.2016 | |
| 13. | Evalueringsskjema til bruk etter øvingar og uønskete hendingar | Ikkje datert | |
| 14. | Tiltaksliste -risikoreduserande tiltak ROS | 06.09.2017 | |
| 15. | Heilskapleg ROS Sula kommune | 01.05.2017 | |
| 16. | ROS Grovanalyse 2013 | Ikkje datert | |
| 17. | Overordna beredskapsplan for Sula kommune | 01.08.2017 | |
| 18. | Pandemiplan – Sula kommune | 01.09.2009 | |
| 19. | Kommuneplanens Samfunnsdelen 2010 - 2020 | Ikkje datert | |
| 20. | Planstrategi 2016 – 2020 – Høyringsutkast | Ikkje datert | |
| 21. | Konsekvensanalyse fjellskred frå Åkneset – endeleg utgåve | Ikkje datert | |
| 22. | Åknes – Aktørplan – samordning av tiltak | Ikkje datert | |
| 23. | Beredskapsplan Sula Ungdomskule | Ikkje datert | |
| 24. | Plan for sikring og beredskap for vassforsyninga | <i>(Unntatt offentlig innsyn)</i> | 24.09.2012 |
| 25. | Vedlegg til ROS-analysen. | <i>(Mottatt etter tilsynsmøte)</i> | 05.10.2017 |

1.5 Gjennomføring

Formøte med Sula kommune vart gjennomført 28.02.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 20.09.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

| Deltakarar | Stilling | Formøte | Opningsmøte | Intervju | Sluttmøte |
|--------------------|----------------------|----------------|--------------------|-----------------|------------------|
| Jim Arve Røssevoll | Ordførar | X | X | X | X |
| Leon Aurdal | Rådmann | X | X | X | X |
| Espen Søbstad | Beredskapskontakt | X | X | X | X |
| Gunnar Trones | Einingsleiar | X | | | X |
| Stine Sætre | Fylkesberedskapssjef | | X | X | X |
| Atle Morsund | Rådgjevar | X | X | X | X |

2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov.

Heilskapleg ROS-analyse revidert i 2017 og er forankra i kommunestyret, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. Det går ikkje tydeleg fram av analysen om andre relevante offentlege og private aktørar har vore med i analysearbeidet.

Vi finn ikkje at kommunen på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen har utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Beredskapsplan er sist revidert i august 2017, og oppfyller så vidt minimumskrava i forskrifta. Planen har litt å gå på når det gjeld samordning og integrering av øvrige beredskapsplanar i kommunen. For å stette alle forskriftskrava litt betre bør det gå fram i planverket at beredskapsplanen skal reviderast kvart år og at planen skal øvast minimum kvart 2. år. Plan for info til tilsette, og system for opplæring, er minimumsløysingar.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øver, og evaluerar øvingar. Har ikkje hatt større hendingar dei siste åra. Kommunen har ikkje faste rutinar for møter i kriseleiinga og beredskapsrådet.

Potensialet for forbetring ligg i å lage ein prioritert handlingsplan etter funn i ROS-analysen og innrette beredskapsplanen betre mot desse funna i trå med forskriftskrava. Kommunen bør også vurdere å lage eit styringsdokument for beredskapsarbeidet.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Tre forhold er kommenterte som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Sula kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, første ledd, litra a og b.

Utdjupande kommentar:

Sula kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap. Mål, strategiar, prioriteringar og plan er ikkje fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse eller i andre strategiske planar.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør:

- Lage ein oversikt i overordna beredskapsplan som betre stettar forskriftskravet om samordning med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar.

Merknad nr. 2

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit oversiktsdokument / styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbedringspotensial – for eksempel:

- tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

Merknad nr. 3

Kommunen bør:

- Lage ein prioritert handlingsplan basert på funna i ROS-analysen.
- Revidere beredskapsplanen med utgangspunkt i ny handlingsplan i ROS-analysen, for betre å imøtekomme forskriftskrava.
- Sjå til at planverket beskriv ajourhald og revisjon i trå med forskriftskrava.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis dei avdekte avvika skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419